

MILJØRETTA HELSEVERN
AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Blåklokka barnehage AS

Melandsvegen 38
5918 FREKHAUG

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2006/4128 - 22593/2012	Grethe Elin Mjelde - 56 37 57 70	1256 Meland	19.09.2012

**NY GODKJENNING AV BLÅKLOKKA BARNEHAGE AS
ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I
BARNEHAGAR OG SKULAR**

Blåklokka barnehage AS er ei privat barnehage som er bygget på Holme i Meland kommune, for barn i aldersgruppa 1 – 5 år.

August 2008 vart barnehagen godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* 15.06.11 mottok Miljøretta helsevern søknad om plangodkjenning i forbindelse med tilbygg/ombygg av Blåklokka barnehage. Plangodkjenning av tilbygg/ombygg ble gitt 21.06.12.

Blåklokka barnehage har nå ferdigstilt tilbygget som er knytt saman med den eksisterande barnehagen. I det samband søkjar barnehagen om ny godkjenning etter forskrifta.

➤ **Tilsyn**

Teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde utførte eit tilsyn ved Blåklokka barnehage AS den 18.09.12, etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* Styrar Rigmor Sletten og HMT-ansvarleg Cecilie Hella møtte for verksemda.

Tilbygget har eit leike- og opphaldsareal på 204 m² (i fylgje teikningar). Frå før hadde barnehagen eit godkjent leike- og opphaldsareal på 472 m². Totalt vil barnehagen ha eit leike- og opphaldsareal på 676 m². Utearealet er også utvida, og er fint tilrettelagt.

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Barnehagen har dermed eit stort nok areal til å kunne ta i mot 169 barn over 3 år (evt. 127 barn under 3 år).

Skåldesperre er ikkje montert på vasskraner på den nye avdelinga. Dette må monterast.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	56 37 50 00	Bankkonto:	7413 05 01005
Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalsto	Nordhordlandshallen Knarvik	Telefaks:	56 37 50 01	Organisasjonsnr:	935 084 733
E-post: postmottak@lindas.kommune.no		Heimeside: www.lindas.kommune.no		Kartside: www.nordhordlandskart.no	

➤ **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert Blåkklokka barnehage AS godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m. v.

Godkjenninga vert gjeve etter tilsyn den 18.09.2012.

Dersom barnehagen vert flytta eller endra utan at Meland kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Med vennleg helsing

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern – Lindås kommune

KOPI TIL: Meland kommune, Rådmannen
Meland kommune, Utval for levekår
Meland kommune, Komm. avd for kultur og oppvekst/barnehagekons.
Meland kommune, Kommuneoverlege Tord Motumyr

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	56 37 50 00	Bankkonto:	7413 05 01005
Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø	Nordhordlandshallen Knarvik	Telefaks:	56 37 50 01	Organisasjonsnr:	935 084 733
E-post: postmottak@lindas.kommune.no		Heimeside:	www.lindas.kommune.no	Kartside:	www.nordhordlandskart.no

MILJØRETTA HELSEVERN
AUSTRHEIM - FEDJE - GULEN - LINDÅS - MASFJORDEN - MELAND - RADØY

GODKJENNING

AV

BLÅKLOKKA BARNEHAGE AS

Grunnlag for godkjenning: **Inspeksjon i barnehagen den 18.09.2012**

Godkjenninga gjeld: **Miljøretta helsevern i barnehagar**

Godkjenning er gjeve i medhald av Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Verksemnda må til ei kvar tid drivast i samsvar med gjeldande forskrift for miljøretta helsevern.

Frekhaug, september 2012

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	56 37 50 00	Bankkonto:	7413 05 01005
Kvernhusmyrane 20	Nordhordlandshallen Knarvik	Telefaks:	56 37 50 01	Organisasjonsnr:	935 084 733
5914 Isdalstø					
E-post: postmottak@lindas.kommune.no		Heimeside: www.lindas.kommune.no		Kartside: www.nordhordlandskart.no	